

# Ur-golfarane i Vefsn, Nordland

Skrevet av Kjell M. Øksendal

Midt på 1800-talet møttest engelskmannen og vefsningen. Møteplassen var vel langs elva Vefsna, det største vassdraget i Nordland fylke, både i vasføring og i fløytt tømmer-kvantum. Vefsna var på denne tida stadig blant dei 10 beste lakseelvene i kongeriket og drog sportsfiskarar langvegs frå.

Desse første engelskmennene som dukka opp i Vefsn før midten av 1800-talet var vel ei usalig blanding av kapitalistar på utkikk etter investeringsobjekt og lakseelver, gentlemen og eventyrarar. I neste omgang stifta dei The North of Europe Land and Mining Company og hogg ut dei store granskogane på indre Helgeland. Tømmeret laut lakseelva Vefsna bere ut på sin breie rygg til lenseanlegg, sagbruk og utskiping i Mosjøen, der ferskvatn møter salthav.

Dette framandfolket, «di ængelske» som dei kom til å heite på ein slags lokal-norsk, venteleg kalkert på uttrykket «the English».. var ikkje berre ein pust frå den store verda. Dei vart ein skikkeleg kastvind frå Verda inn i den etter måten innestengde bygda Vefsn, langt nord i landeti, innafor enden av ein langdryg fjord.

« Di va då flenk å feskæ, dassæ karan ; å mykje laks fækk di. Å så fijnt et bruk di ha'e!! Mæn dæ kleinastæ mæ di va då at di'kje kun' pratæ ; di vævlæ då bære!!! » heiter det i ei herming etter ein forstanding vefsning i samtidia.

Her må vi kanskje til med litt ordforklaring

-fint bruk = smekker fiskereidskap

-vevle = snakk uforståeleg, uklårt

I sanning ei betrakting frå før den tida engelsk vart prestisjetungt verdsspråk, men berre var uforståeleg babbel for ein heidersmann i bygda (Peder Larsen Stimo) som heldt vefsning for å vere einaste begripelege tale for skikkeleg folk!!

Di engelske hadde mykje utrustning og paragas når dei kom med dampen hit til landet kvar vår : «*Dæ va som ei innrøkning av ein heil hær når di engelske kom med væsnet sitt -- i ein føreti båtæ oppijøno ålvæ!*» sa den legendariske mellom-mannen, Johan Erlandsen. Heile førti elvebåtar rodde og staka det (på det meste) oppigjennom Vefsna, frå dampskipsanløpet nede Mosjøen og opp til Forsjorda, ei dryg mil oppigjennom Vefsna. Og i båtane var engelske pengefolk og deira forråd til ein lang sommar -- på fiske og eventyr i Vefsn-bygdene.. «*Ongæ, ja vaksne folk med, kom lange vegar for å få av dassæ tom-pøutan og øskjåن etter di engelske!*» fortaldest det i ettertid. Tom-embalasje frå industriverda der ute var forvitneleg og kjekt å ha i innestengde Vefsn! Cans og Glas-perler for dei innfødde...

Det står vel ikkje til å nekte at somrane kunne bli lange for store og små lady'er. Dei vart vel mykje godt gangande som lakse-enkjer og noko til overs medan lordane sjølve, alltid med leigde innfødde roalar, låg og drog laks nede på i(d)e (hølane). Fiska og fiska. Berre ei og anna av damene prøvde fiskelykka. Nei, damene promenerte og promenerte; ein dag kom to ungjenter heim med «*to kattungar dei hadde funne, morlause, i skogen*». Det viste seg å vere gaupeunger småladyene kom berande med! Ungane vart oppalt i fangenskap på Forsjorda den sommaren og følgde om hausten med til zoo i England.



© NGFs Faggruppe for norsk golfhistorie.

Underlag er hentet fra enkeltfornfattere, NGF's arkiv, direkte fra klubbene og klubbenes websider.

Det besteforeldra mine (f. 1892-94) og mintest best var at desse ladyene «drev med noko slags ballspel». Særleg var dei ofte ute på ettersommaren når alle ekren på den enorme Forsjord-flata låg der freistande som ein enorm golf-voll – green heiter det kanskje.

«Dassæ-næ kvinnfolkjan, di jækk dar dag ette' dag å slo å slo..Å mange ballæ slo di jo vekk, kan du skjønnæ. Vi ongan, vi fekk 10 øre stykkje når vi fann dassæ ballan å levert di på (engelsk-)villan !

Mange av ballane kom fram utover hausten når «di ængelske» var farne, og vart verande på Forsjorda. Vi leika med dei i barndommen, fortel Even Forsjord, f. 1940.



Dermed er det berre å slå fast at golfen var introdusert i Vefsn for 100 år sidan. Men å påstå at det var nokon folkesport, som avis VG gjør i dag, det ville vere å ta hardt i...

Engelske lakseenker og golfadies på sommaropphold i Vefsndalen, ca. 1920. Tre av dei har golf-rekvisittar. Berre ei har laksebelte ! Bildet er knipsa i Utgarden, Forsjorda. Den gamle engelsk-villaen, som brann ned i 1931, i bakgrunnen.



Bildet viser bl.a. golfsett funnet på loftet i Anna Haugans Hotel i Mosjøen